

## Prosess for lukking av møte i kontrollutvalet

Reglane om møteoffentlegheit i kommunelova er sentrale for gjennomføringa av ein god og transparent sakshandsaming i kommunal sektor. For å bidra til ein korrekt etterleving av reglane for møteoffentlegheit er det innført plikt til å protokollere heimelsgrunnlaget for avgjerder om at møtet, eller deler av møtet, skal verte gjennomført for lukka dører. Hovedformålet med lovendinga er at den skal bidra til å legge til rette for ein fortsatt tillitsskapande forvaltning i kommunar og fylkeskommunar.

1. I utgangspunktet har alle rett til å vere til stades i møte i folkevalde organ (KL § 31, nr. 1)
2. Kontrollutvalet **skal** vedta å lukke møtet når det føreligg lovbestemt teieplikt ved handsaming av ei sak (KL § 31, nr. 2)
3. Kontrollutvalet **skal** vedta å lukke møtet når ein skal handsame ei sak som angår ein arbeidstakar sitt tenestlege forhold (KL § 31, nr. 3).
4. Kontrollutvalet **kan** vedta å lukke møtet når omsynet til personvern krev det (KL § 31 nr. 4).
5. Kontrollutvalet **kan** vedta å lukke møtet når omsynet til tungtvegande offentlege interesser tilseier det, og det vil kome fram opplysningar som kunne vore unnatekne offentleg innsyn etter lov 19. mai 2006 nr. 16 (offentleglova) dersom det hadde stått i eit dokument (KL § 31 nr. 5).

### Rutine for lukking av møte

1. Krav eller førespurnad om lukking av møtet vert fremja av leiar i utvalet, eit medlem, sekretær, revisor eller andre som er innkalla til møtet i gjeldande sak. Krav eller førespurnad om lukking av møte kan berre fremjast av dei som har talerett.
2. Utvalet vurderer om grunngevinga for lukking skal medføre lukking av møtet. Debatten om lukking av møtet skal skje for lukka dører, dersom dette vert kravd av leiar eller utvalet. Avstemminga skal skje i ope møte.
3. Utvalet tek stilling til om møtet skal verte lukka i saka, og om møtet skal lukkast i heile handsaminga. Her skal også lovheimel og grunnlag for lukkinga kome fram. Det må peikast på lovgrunnlag for lukking og kva som er årsaka til lukking. Heimelen for lukking av møtet skal protokollerast.
4. Møtet vert lukka i samsvar med vedtaket i pkt. 3 over. Dei som har ei rolle i oppfølginga av saka har høve til å vere til stades i møtet.
5. I protokollen skal det stå:
  - Kontrollutvalet vedtok samrøystes (eller med tal stemmer av xx) at sak nr. xx/åå skulle handsamast for lukka dører jf. kommunelova § 31 nr. x jf. offentleglova § xx (Dersom møtet vert lukka etter kommunelova § 31, nr. 2 – 4, er det ikkje behov for å vise til ytterlegare lovheimel. Dersom møtet vert lukka etter kommunelova § 31 nr. 5 skal det visast til aktuell lovheimel i offentleglova).
6. Møtet vert gjennomført iht. vedtaket om lukking.